



Motstandarar: Torvald og computaren

Bergens eldste sjakkspelar er Torvald Karlsen som har fylt 93 år utan å bera preg av det. Han fann kona si i Uskedalen der han har eit praktfullt sommaredorado på Nedre Feet. No om dagen er han engasjert deltakar i sjakkverkstaden og han er eit levande prov på at sjakken ikkje har nokon aldersgrense. Sidan krigen har han vore eit trufast medlem i klubben Løperen.

- Dette har vore hobbyen min gjennom heile livet og ingenting er så spennande som sjakk, seier Torvald og plukkar fram motstandaren frå skrivebordet.

- Eg satsar på å spela mot ein computer for å halda formen ved like, legg han til og opnar spelet med dronningbonden. I ettermiddag vil han igjen stilla opp som elev i verkstaden der han i går imponerte stort. På si side rosar han lærar Ole Valaker.

- Han var ein flink mann som kunne lekse si, slår han fast, men innrømmar at hørselen har svikta litt.

- Du har vunne mykje opp gjennom åra, høyrer vi.

- Jau, eg har haugevis med pokalar. Eg har helst vore med i spel mot andre klubbar.

- Kva er meininga di om den noko yngre Karlsen?

- Han er unik og har noko som vi andre saknar. Han spelar jo simultant mot 20 og slår dei!

Ellers plar eg seia om sjakken at han er som livet ellers: Eit

lite feilsteg kan få store konsekvensar, seier Torvald og kritiserar computaren for å vera seint ute med trekket.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen